



Fusa Kommune  
Bjørnefjorden landbrukskontor  
PB 24  
5640 Eikelandsosen  
[postmottak@fusa.kommune.no](mailto:postmottak@fusa.kommune.no)

01.01.2017

### Uttale i samband med forvaltningsplan for gjess i Tysnes Kommune

Tysnes Jakt- & Fiskelag viser til utsend høyring i samband med forvaltningsplan for gjess, og har nokre innspel.

Fyrst vil me uttrykke glede over at det endeleg er framgang i arbeidet med forvaltningsplan for gjess i Tysnes kommune, ein plan me ynskjer velkommen.

At gjess er eit problem for enkelte bønder og liknande i kommunen er openbart, og det er oppigjennom tidene forsøkt mange tiltak for å få problemet løyst med å skremme fuglane på andre områder, men det har vist seg at det aller meste av det som er forsøkt ikkje har hjulpet nemneverdig. Skal du oppretthalde eit evig skremmeregime så er dette veldig tidkrevjande, samt at det har veldig avgrensa effekt så lenge det kun er nokon som utfører dette, samt at det ikkje er noko form for organisering. Med eit hardt «skremmeregime» ein periode har ein klart å halde fuglane vekke, men så snart ein stoppa opp så er dei tilbake – noko som til slutt har medført at i mange områder på Tysnes så har folk gitt opp å skremme dei, noko som berre medfører at problemet aukar enda meir.

Å ha nokre «skremme områder» og nokon «fri områder» vil etter vårt syn krevje organisering og god gjennomføring. Fuglane vil alltid forsøke å skaffe seg mat på enklast vis, og dersom friområda blir tungt brukt vil der bli mangel på mat, som igjen vil medføre at fuglane ikkje er der, men vil finne seg andre områder, noko som igjen vil medføre at problemet berre vil flytte seg rundt på øya, i beste fall finn dei andre landingsplassar enn på Tysnes.

Allereie i forordet til forvaltningsplanen ser det ut som om premissa for denne planen er satt, ved at der står «planen skal danne grunnlaget for den lokale forvaltningsstrategien, der **fokus skal leggjast i førebyggjande tiltak.**» Som forvaltningsplanen nemner i fleire avsnitt, er det store skadar på eigedom i kommunen pga gjess, og det er og slik at det ikkje er mogleg og drive ordinær jakt på gjess i kommunen, av di det ikkje er gjess igjen ved jaktstart. I og med det er mange private initiativ som er forsøkt med skremming utan at dette utgjer noko endring, er det einaste rette at ein opnar for jakt utover ordinær jakttid, men også ved tildeling av skadeløyve i områder der trykke av skader er stort, dvs i praksis sei i områder som der er landbruk som får øydelagt avlingar. Me er einige i at dette krev ei samordning, og me viser her til fleire plassar i planen der det er nemnd at jakt- og fiskelaget vil kunne være ein samarbeidspartner. Dette er noko me er interessert i og me kan og organisere skadefelling og ekstraordinær jakt. Me vil vise til det gode samarbeidet me pr i dag har med kommunen vedr. ettersøk mv.



Etter vårt syn har det over tid vist seg at forebyggjande tiltak i form av gjerder og skremming og liknande ikkje er nok til å få ned skadane som gjess påfører innmark med. Slik me ser det er det einaste som hjelper her at det blir opna for jakt før ordinær jakt, og opna for skadefelling i områder med stort trykk.

Ved skadefelling så vil fuglen som held til i området merke at det forsvinn individ, og på litt sikt vil dei då trekkje til sikrare områder. Det ein oppnår med det er at ein flyttar trykket rundt etter kvart som ein tar ut, noko som i seg sjølv kanskje ikkje er det beste, men ein vil på den måten avgrense skadane. Ved å ikkje gjere dette vil fuglande bli «stadbunden» og gjere store skader på avgrensa og konkrete områder. Dette er ein mykje meir effektiv måte enn å skremme dei rundt med lyd, skremsel, gjerder mv, då det er tidkrevjande og innehar ikkje den store effekten på sikt.

Avslutningsvis vil me og vise til at gjess er ein flott ressurs som kunne blitt utnytta som matressurs. For jakt & fiskelaget er det også eit fin måte å drive opplæringsjakt for ungdom, begge desse tinga er fråverande i dag så det ikkje er mogleg å jakte på gjess i kommunen.

Ved skadefelling vil me kunne stille med kvalifisert personell til å ta ut dei individ som det evt. opnast for.

Ser ein slik skadefelling opp mot for eksempel skadefellingsløyve for hjort som blir gitt gjennom året, er det vel i utgangspunktet ingen forskjell – begge artane skadar innmark på sin måte, og er i enkelte områder ei pest og ei plage for dei som driv landbruk.

Skulle det være spørsmål i denne saka så ta kontakt.

Med hilsen

**Tysnes Jakt- & FiskeLag**

---

Bjarte Erstad

Leder